

Rapport om gjelds- og finansforvaltning

3.tertial 2020

Innhald

1	Innleing og heimeleing.....	2
2	Generell marknadsvurdering	3
2.1	Norsk og internasjonal økonomi	3
2.2	Renteutvikling.....	3
3	Forvaltning av aktiva	5
3.1	Kortsiktig finansiell aktiva (ikkje del av aktiv forvaltning).....	5
3.1.1	Plasseringar.....	5
3.1.2	Likviditet	5
3.2	Langsiktig finansiell aktiva.....	6
3.2.1	Langsiktige midlar til aktiv forvaltning	6
3.2.2	Langsiktige midlar nytta til forskottering og utlån til andre.....	8
4	Gjeldsforvaltning	9
4.1	Oversikt gjeld.....	9
4.2	Anslag på gjeld med renterisiko	9
4.3	Refinansieringsrisiko	11
4.4	Renteutgift 2020.....	11
4.5	Avdrag 2020.....	12
4.6	Garantiansvar	12
5	Fond, eigenkapital og måltal i økonomireglementet	13
5.1	Bundne og ubundne fond	13
5.2	Bufferfond.....	13
5.3	Måltal i økonomireglement.....	13
6	Vedlegg: Gjeldsporteføljen per lån.....	14



1 Innleiing og heimel

Finansforvaltninga i kommunen skal utførast i samsvar med kommunelova §14-13 til og med §14-19. Vidare er med det med verknad frå 01.01.2020 kome endringar i forskriftsendringar om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar. §8 i nemnte forskrift gjev retningslinjer for kva rapporten minimum skal innehalde og dette kravet er vidare innarbeida i kommunen sitt finansreglement. I samsvar med ny kommunelov og forskrift vedtok kommunestyret 13.02.2020 «*Reglement for finans- og gjeldsforvaltning i Sogndal kommune*».

Rapporten er bygt opp slik at ein kan etterprøve dei retningslinjer og avgrensingar som er gitt i forskrift og kommunen sitt eige reglement. Rapporten skal vise korleis kommunen sine finansielle midlar (aktiva) og gjeld (passiva) har endra seg gjennom perioden.


Rapport for 3. tertial 2020 rapporterer for perioden frå 01.01.2020 til 31.12.2020.

2 Generell marknadsvurdering

2.1 Norsk og internasjonal økonomi

I Pengepolitisk Rapport 1/2021 rapporterer Norges Bank¹ at norsk økonomi henta seg inn mot slutten av fjoråret, etter at koronapandemien utløyste et kraftig fall i aktiviteten i fjor vår. Det var særleg bransjar som blei direkte ramma av nedstenging som bremsa norsk økonomi i 2020, til dømes kultur, overnatting og servering. Veksten framover vil avhenge av smittevernstiltak som er satt i verk samfunnet. Det vert igjen påverka av tempoet i vaksininga og smittesituasjon. Norges Bank legg til grunn ei gradvis opning av samfunnet frå og med mai. Til dømes ventar Norges Bank få eller ingen tiltak knytt til arbeidsplassar og butikkar frå og med september og tilsvarande for restaurantar frå og med november. For 2021 ventar Norges Bank en BNP-vekst på 3,8 prosent for Fastlands-Norge, men fjorårets økonomiske tilbakeslag er stadig ikkje henta inn igjen, jf. figur under.

Figur 3.2 Utsikter til at veksten tiltar i andre halvår
BNP for Fastlands-Norge. Sesongjustert. Indeks. 4. kv. 2018 = 100



Kilder: Statistisk sentralbyrå og Norges Bank

Knytt til internasjonale forhold skriv Norges Bank: «I fjor høst førte en markert økning i smitten til innføring av strengere smitteverntiltak i mange land. Det demper aktivitetsnivået hos Norges handelspartnere på kort sikt. Vi venter at vaksining og lettelser i smitteverntiltak bidrar til å løfte veksten fra våren 2021. BNP hos handelspartnerne anslås å være tilbake på nivået fra før virusutbruddet i løpet av høsten 2021. Markedsprisingen indikerer forventninger om svært lave renter hos handelspartnerne en god stund fremover.»

2.2 Renteutvikling

Styrringsrenta er Norges Bank sitt viktigaste verkemiddel for å stabilisere prisveksten og utvikling i norsk økonomi. Styrringsrenta i Norge er renta som bankane får på innskot i Norges Bank opp til eit fastsett beløp – ein kvote. Styrringsrenta og forventningane om den framtidige utviklinga i styrringsrenta, påverkar i fyrste rekke renta mellom bankar og rentenivået bankar tilbyr på innskot og utlån til sine kundar.

Ved inngangen til 2020 låg styrringsrenta på 1,5 prosent, men etter tre rentenedsetjingar i perioden frå 13. mars til 7. mai blei styrringsrenta satt til null prosent. Dette rentenivået er framleis gjeldande.


¹ <https://www.norges-bank.no/contentassets/6f148f296f154705a0d845839e638351/pengepolitisk-rapport-1-21.pdf?v=03/18/2021154937&ft=.pdf>

Endring i styringsrenta	Endring	Ny styringsrenta
23.01.2020	Ingen endring	1,50 %
13.03. 2020	- 0,50 %-p.	1,00 %
20.03.2020	- 0,75 %-p.	0,25 %
07.05.2020	- 0,25 %-p.	0,00 %

Det er stor uvisse om vidare utvikling i økonomien. Stadig fleire blir vaksinert, men spreinga av muterte koronavirus auka, enkelte smitteverntiltak er på nytt sett i verk og det er uvisse knytt til bruk av Covid-19-vaksine frå Astra-Zeneca. Norges Bank skriv at rentenivået er satt til dagens nivå for å støtte opp under vidare vekst i produksjon og sysselsetting. I Norges Bank si prognose for styringsrenta aukar renta gradvis frå andre halvår i år. Siste prognose inneber ei oppjustering av rentebanen sidan førre rapport, men rentebana vil framleis bidra til vidare vekst i produksjon og sysselsetting (ekspansiv pengepolitikk).

Figur 4.5 Litt høyere rentebane, men fortsatt ekspansiv pengepolitikk

Prosent



Kilder: Statistisk sentralbyrå og Norges Bank

For Sogndal kommune er 3 måneders NIBOR-rente av særleg interesse sidan majoriteten av våre lån er knytt til denne renta. 3 måneders NIBOR er den mest nytta referanserenta for flytande rente i Norge. Dette er ei flytande rente som varer i 3 månader av gangen. Lån tilknytt NIBOR har normalt i tillegg et marginpåslag frå banken. Endringar i NIBOR vil relativt raskt påverke rentekostnaden for lån med flytande rente.

3- måneders Nibor-rente gjennom 2020:

Tidspunkt	Rente
28.02.2020	1,72%
27.04.2020	0,58%
29.06.2020	0,36%
31.08.2020	0,23%
28.10.2020	0,40%
30.12.2020	0,50%



Basert på ferske marknadsdata ventast 3 måneders NIBOR-rente å vere stabil nærmaste år, men det er forventa at renta vil stige til 0,8 prosent om 2 år, og vidare til 1,09 prosent om 3 år. Dette vil påverke Sogndal kommune sine renteutgifter.

3 Forvaltning av aktiva

3.1 Kortsiktig finansiell aktiva (ikkje del av aktiv forvaltning)

Formålet med forvaltning er å sikre likviditet til å dekke løpande forpliktingar og god avkastning. Forvaltninga skal ha låg risiko.

3.1.1 Plasseringar

I finansreglementet er det vedteke at likviditet tenkt til driftsføremål, i sin heilskap er plassert i rentemarknaden. All aktiva vurdert til kortsiktig finansiell aktiva, er plassert på bankkonto i Sparebanken Sogn og Fjordane. Plassering og forvaltning av ledig likviditet er utført i tråd med dei ramme som er gitt i finansreglementet.

Sogndal kommune har Sparebanken Sogn og Fjordane som primær bank. Renteinntekter vert rekna dagleg med utgangspunkt i 3 månaders Nibor-rente² med margin. Marginpåslaget på årleg rente på driftskonto er 0,3 prosent. På innskot med 31 dagars varslingsfrist for uttak er marginpåslaget på årleg rente 0,5 prosent. Renteinntekter kapitaliserast kvartalsvis.

Per. 31.12.2020 vart det bokført 1,152 mill. kroner i renteinntekter. Budsjettet renteinntekt for 2020 var opphavelig på 3 mill. kroner, men grunna vesentleg lågare renter blei budsjettet redusert til 1,1 mill. kroner. Inntektene vart 52 000 kroner høgare enn i forventa i revidert budsjett per 2. tertial.

3.1.2 Likviditet

Saldo på driftskonto per. 31.12.2020 var 171,5 mill. kroner. Likviditeten i 2020 har vore tilstrekkeleg til å dekke løpande utgifter samstundes som ein har hatt ein buffer til å handtere eventuelle uføresette kostnader. Det er til tider store summar som går inn og ut av konto og det er difor behov for ein god buffer på kontoen.

Investeringsrekneskapet og likviditet

I budsjettvedtaket i desember 2019 låg det eit investeringsvedtak finansiert med mellom anna om lag 70 mill. kroner i låneopptak. I tillegg vart gjort låneopptak etter vedtak i 1. tertialrapport. Det vart gjennomført i september, og utgjorde 50 mill. kroner.

Investeringsrekneskapet har ei samla løyving i 2020 på 318,1 mill. kroner. Dette er i vesentleg grad lånefinansierte. Per 31.12 var unytta lånemidlar 139,18 mill. kroner. Dette er med å styrker likviditeten. Deler av løyvinga knytt til investeringar finansierast også med ulike tilskot, og påverkar ikkje likviditeten. Andre skal finansierast med lånemidlar, fond og overføring frå drift og slik trekke på likviditeten. I 2020 har kommunen hatt likviditet til gjennomføring av planlagde investeringar.

Andre forhold som påverkar likviditeten:

1. Premieavvik utgjer om lag 59 mill. kroner. Det inneberer at kommunen har betalt pensjonspremie for 59 mill. kroner som har gått ut av konto, men ikkje kostnadsført i rekneskapen. Kostnadsføring av årets premieavvik (amortisering) skjer over dei 7 kommande år, og ein betalar ein sjudel kvart år. Dette er ei ordning som har stor innverknad på likviditeten i kommunen (og andre kommunar). I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift knytt til premieavvik på 7,3 mill. kroner som også skal kostnadsførast komande år.

² Norwegian Interbank Offered Rate (Nibor) er eit sett med renter som skal gjenspeile kva bankane krev for usikra lån i norske kroner til andre bankar.

2. «Utlån til andre» vert finansiert med driftsmidlar og bør vurderast nøye i høve konsekvensar for likviditeten i kommunen.
3. Midlar knytt frå tidlegare års avsettingar (bruk av fond) vil påverke likviditeten ved bruk.
4. Overføring til investering. Det som vert overført til investering, kan ikkje seinare førast attende til driftsrekneskapen. Enkelte postar som reknast som investeringar kan ikkje lånefinansierast, til dømes eigenkapitalinnskott til KLP. I 2020 utgjorde posten 2,5 mill. kroner.

3.2 Langsiktig finansiell aktiva

Midlane skal investerast i verdipapirmarknaden med formål om å ivareta realverdien samt over tid å oppnå høgast mogleg avkastning til akseptabel risiko. Midlane som ligg til aktiv forvaltning er plassert og forvalta i samsvar med vedteke finansreglement.

Plassering av langsiktig finansiell aktiva vart gjort på ulikt vis i dei tre gamle kommunane. Totalt hadde dei tre kommunane 99,592 mill. kroner til forvaltning 01.01.2020. I tillegg var 31,1 mill. kroner lånt ut til andre per 01.01.2020.

Dei var fordelt slik:

- Gamle Sogndal kommune nytta langt på veg ordinær bankkonto i Sparebanken Sogn og Fjordane og hadde om lag 22 mill. kroner plassert i ulike fond gjennom Sparebanken Vest ved inngangen til 2020. Kommunen har og bunde om lag 20 mill. kroner gjennom utlån til andre, per. 31.12.2019. Deler av desse utlåna er forskotering av spelemidlar.
- Leikanger kommune hadde midlar til aktiv forvaltning gjennom Pareto Asset Management AS. Midlane var fordelt mellom pengemarknadsfond og aksjar. Per 31.12.19 utgjorde beholdninga om lag 76 mill. kroner.
- Balestrand kommune hadde ikkje midlar til forvaltning utanom det som var ført på bankkonto i Sparebanken Sogn og Fjordane. Kommunen har hatt nokre mindre næringsutlån.

3.2.1 Langsiktige midlar til aktiv forvaltning

I byrjinga av 2020 vart det signert avtale med DNB Asset Management om aktiv forvaltning, og i løpet av våren er midlane overført frå Pareto og Sparebanken Vest til DNB Asset Management.

Porteføljefordeling:

Aktivaklasse	Bokført verdi 31.12.2020	Del av portefølje
Obligasjonar - fond	67 898 619	64,6 %
Aksjar	36 983 329	35,2 %
Bankkonto	284 227	0,3 %
Sum	105 166 175	100,0 %

Det er vedteke i finansreglementet at mellom 60 og 80 prosent av porteføljen plasserast i rentemarknaden (det omfattar obligasjonar). 20 til 40 prosent skal investerast i aksjemarknaden. Per 31.12.2020 var 65 prosent plassert i rentemarknaden medan 35 prosent var plassert i aksjemarknaden. Forvaltninga er dermed i tråd med finans- og gjeldsreglementet.

I dei generelle rammene i finansreglementet er det også spesifisert at ikkje meir enn 15 prosent av renteplasseringar skal ha høg kredittrisiko. Også dette kravet er innfridd.

Utvikling i midlar plassert til langsiktig forvaltning:

Ved inngangen til året hadde porteføljen ein bokført verdi på 99,592 mill. kroner. Gjennom 2020 svinga verdien av porteføljen vesentleg, men eit sterkt 2. halvår bidrog til at porteføljeverdien auka med 5,57 mill. kroner i 2020. Undervegs i 2020 bytta kommunen forvaltar og på bytetidspunktet hadde verdien av porteføljen falt vesentleg etter børssuroa som fylgde av pandemien. Anskaffingskostnaden av porteføljen var difor berre på 91,15 mill. kroner på bytetidspunktet. I tillegg vart samansetninga mellom aksjar og obligasjonar endra med ein større del obligasjonar. Det er difor misvisande å vurdere avkastning innanfor ulike aktivaklassar frå tabellen som viser bokført verdi 1.1. og 31.12.

Aktivaklasse	Bokført verdi 31.12.2019	Bokført verdi 31.12.2020	Resultatført verdiendring
Obligasjonar - fond	61 141 286	67 898 619	6 757 333
Aksjar	38 163 180	36 983 329	-1 179 851
Bankkonto	287 757	284 227	-3 530
Sum	99 592 223	105 166 175	5 573 952

Vi viser difor utviklinga i porteføljen sidan byte av forvaltar i denne tabellen:

Aktivaklasse	Anskaffings- kostnad ny portefølje	Bokført verdi 31.12.2020	Endring: Bokført verdi 31.12 målt mot anskaffingskostnad for ny portefølje
Obligasjonar - fond	65 696 307	67 898 619	2 202 312
Aksjar	25 170 221	36 983 329	11 813 108
Bankkonto	284 227	284 227	0
Sum	91 150 755	105 166 175	14 015 420

På anskaffingstidspunktet utgjorde obligasjonar 65,7 mill. kroner medan aksjar utgjorde 25,2 mill. kroner. Aksjedelen av porteføljen har auka med 11,8 mill. kroner sidan anskaffingstidspunktet, medan obligasjonane har auka med 2,2 mill. kroner. Sjølv om aksjar berre utgjorde 27,6 prosent av den nye porteføljen har dei sidan bytet stått for 84,3 prosent av avkastninga. Aksjar utgjør no 35,2 prosent av porteføljen.

Utgåande balanse per månad

	Beløp til forvaltning	Endring	%-vis endring
31.12.2019	99 592 226	-	-
januar	99 006 286	-585 940	-0,6 %
februar	97 282 804	-1 723 482	-1,7 %
mars	88 207 553	-9 075 251	-9,3 %
april	89 844 077	1 636 524	1,9 %
mai	92 039 576	2 195 499	2,4 %
juni	93 480 633	1 441 057	1,6 %
juli	94 814 157	1 333 524	1,4 %
august	96 509 652	1 695 495	1,8 %
september	97 073 388	563 736	0,6 %
oktober	96 093 197	-980 191	-1,0 %
november	101 344 979	5 251 782	5,5 %
desember	105 166 175	3 821 196	3,8 %

Årleg endring	5 573 949	5,6 %
----------------------	------------------	--------------

I mars svekka verdien seg med om lag 9 mill. kroner, men dei påfølgande månadene auka verdien forsiktig. Ved utgangen av oktober var verdien stadig lægre enn ved starten av året. Dei siste to månadene auka verdien med meir enn 9 mill. kroner og dette bidrog til at avkastninga for året som heilskap vart på 5,57 mill. kroner.

Etter verdifallet tidleg i 2020 vart budsjettert gevinst redusert frå 7 mill. kroner til 0 kroner. Sjølv om det også i andre tertial låg an til tap for året under eitt, blei budsjettet på 0 kroner avkastning opprettheldt. At auka skulle bli så stor i siste tertial kunne ein vanskeleg lagt til grunn. Avkastninga er difor 5,57 mill. kroner høgare enn budsjettert.

3.2.2 Langsiktige midlar nytta til forskottering og utlån til andre

Utlån til andre som er finansiert med eigne midlar og summerer seg til totalt 29,26 mill. kroner per 31.12.20. Det inkluderer eit av utlån i påvente av spelemidlar (Kaupanger IL). Rutinen er no endra og forskottering av spelemidlar først ikkje lenger som utlån. Utlån til andre er midlar som er lånt ut med ein fast nedbetalingsplan. Dette vil vere lite likvide midlar for kommunen. Utlån til andre kan ikkje lånefinansierast og reduserer difor likviditeten til kommunen. Midlane er ikkje sikra med pant.

Rekneskap - utlån

Låntakar	31.12.2019	31.12.2020	
Utlån Sognahallen AS	200 015	0	
Utlån Sogndal kulturhus AS	1 246 800	977 262	
Utlån Sogndal fotball	12 987 583	12 293 827	
Utlån Kaupanger idrettslag	1 835 191	1 755 668	
Utlån Sogndal skisenter	3 500 000	3 500 000	
Utlån Sogndal fjell og fjordsportssenter	115 506	58 333	
Utlån Sentrumsbygg AS	9 114 896	8 890 321	
Utlån Stadheimgarden	244 238	244 238	
Utlån Balestrand næringsbygg AS	974 523	871 942	
Utlån næringsføremål-utlånsmodul	218 496	0	
Sosiallån	704 046	673 368	
Sum	31 141 294	29 264 959	

I tillegg har kommunen forskottert spelemidlar til om lag 15,1 mill. kroner. Dette fordelar seg på Sognahallen med 13 mill. kroner, Kaupanger IL med 1,6 mill. kroner og 0,67 mill. kroner til Norum skyttarlag. Desse er ikkje ført i rekneskapen som utlån, men går fram av memoriakonto. Forskottering av spelemidlar vil normalt kome attende til kommunen innan ein 3-årsperiode. Midlane er og sikra ved at spelemidlane vert utbetalt til kommunen før dei går vidare til endeleg mottakar.

4 Gjeldsforvaltning

4.1 Oversikt gjeld

	31.12.2019	31.12.2020	Endring
Gjeld til kredittinstitusjonar	925 653 299	1 044 571 589	118 918 290
Obligasjonslån	69 000 000	70 000 000	1 000 000
Sertifikatlån	26 000 000	0	-26 000 000
Sum	1 020 653 299	1 114 571 589	93 918 290

Ved inngangen til ny kommune 1.1.20, overtok Sogndal kommune all lånegjeld frå dei tre tidlegare kommunane. Per 01.01.2020 hadde Sogndal kommune 1.021 mill. kroner i langsiktig gjeld. Per 31.12.2020 har dette auka til 1.115 mill. kroner i langsiktig gjeld. Det inneberer ei auke på 93,9 mill. kroner i 2020. I den langsiktige gjelda på 1.115 mill. kroner inngår 94,6 mill. kroner knytt til startlån i Husbanken.

Låneopptak for 2020 blei vedteke i desember 2019. Dette var på 70 mill. kroner og vart gjennomført i mai 2020. I tillegg vart låneopptak som fylgje av vedtak i 1. tertialrapport 50,1 mill. kroner utført i september. Dette var knytt til både refinansiering av sertifikatlån og betaling av avdrag.

85 prosent av gjelda til Sogndal kommune er tatt opp hos Kommunalbanken og KLP. I 2020 var det det tatt opp eit obligasjonslån på 70 mill. kroner hos Swedbank som forfell i 2023. Startlån er tatt opp i Husbanken.

Långjevarar

Lån til egne investeringar	Bokført verdi	Del
Kommunalbanken	684 730 080	61,4 %
KLP	264 583 778	23,7 %
Husbank	679 147	0,1 %
Swedbank, obligasjonslån	70 000 000	6,3 %

Lån til videre utlån	Bokført verdi	Del
Husbank – startlån	94 577 676	8,5 %

Knytt til ei gjeldsportefølje er det renterisiko (kostnadsauke ved ei renteauke) og refinansieringsrisiko (likviditetsrisiko knytt til mangel på lånetilbod når eksisterande lån skal refinansierast). Dette diskuterast nærmare i dei to påfølgande avsnitta.

4.2 Anslag på gjeld med renterisiko

Del lån med fast og flytande rente er viktig for å vurdere korleis ei renteauke vil påverke kommunen sin økonomi.

	Verdi	Del
Sum	1 114 570 681	100,0 %
Lån med fast rente	165 629 798	14,9 %
Lån knytt til vatn, avlaup og renovasjon (VAR) (sjølvkostområde)	235 568 000	21,1 %
Husbank - startlån (vidareutlån)	94 577 676	8,5 %
Lån med rentekompensasjon	89 901 392	8,1 %
Sikring gjennom renteswaps	30 000 000	2,7 %
Anslag på gjeld med renterisiko	498 893 815	44,8 %


85 prosent av Sogndal kommune si gjeld (inkl. startlån i Husbanken) er knytt til flytande rente. Når ein går nærmare inn i tala ser ein likevel at 38 prosent av gjelda er knytt til enten startlån i husbanken, til vatn, avlaup, renovasjon (VAR) eller er omfatta av ordning med rentekompensasjon. Startlån er lånt ut vidare til innbyggjarar og delen som knytast til VAR er brukarfinansiert. Rentekompensasjon inneberer at kommunen får eit tilskot som er avhengig av rentenivå. Når rentenivået aukar, aukar også tilskotet.

Samstundes er det viktig å peike på at dette er eit anslag på gjeld med renterisiko. Det vil ikkje alltid vere eit 1:1-forhald mellom renteauke på kommunen sine lån og auke i til dømes rentekompensasjon eller gebyrauke knytt til VAR-lån. For sistnemte blir dette fastsett ei årleg sjølvkostrente basert 5-årig swaprente med eit tillegg på 0,5 prosentpoeng, medan majoriteten av kommunen sine lån er knytt til 3-månaders NIBOR-rente. Etter rådmannen si vurdering er tabellen over eit godt anslag på gjeld med renterisiko.

Kommunen har også renteswaps som sikrar rentenivået for 30 mill. kroner. Det utgjer 2,7 prosent av samla gjeld. Å ta opp lån med flytande rente og låse rentenivået med renteswaps for ein gitt sum er eit alternativ til å velje lån med fast rente. Renteswaps er eit finansielt instrument. I tråd med finans- og gjeldreglementet kan desse berre nyttast for å redusere risiko, noko som er tilfellet her.

Gjeld med renterisiko vert dermed 499 mill. kroner. Ein enkel stresstest er å berekne korleis utgiftene vert påverka ved 1 prosent auke i renta (på gjeld med renterisiko). Då aukar kostnadane med 5 mill. kroner per år. I kommande arbeid budsjett- og økonomiplan er det viktig å ta omsyn til forventningar om eit aukande rentenivå. NIBOR 3-månaders rente er venta å auke med 0,6 prosentpoeng innan 3 år. Det vil i så fall gi ein meirkostnad på 3 mill. kroner per år, gitt dagens gjeldsnivå. Framtida er uviss og rentenivået kan auke meir enn dette estimatet.

Eit anna mål på renterisiko er rentebindingstid. Rentebinding viser korleis rentene si varigheit er fordelt i porteføljen. Lån med flytande rente har rentebinding lågare enn 1 år. Ein stor del kort rentebinding kan utgjere en finansiell risiko ved å eksponere porteføljen for endringar i rentemarknaden.




I finans- og gjeldsreglementet til Sogndal kommune er det vedteke at rentebindingstid skal vere mellom 0 og 3 år. Nemnte vedtak er knytt Sogndal kommune si samla gjeldsportefølje. I praksis inneberer dette at heile gjeldsporteføljen kan vere knytt til flytande rente, men at det er sett eit tak på kor stor del av gjeldsporteføljen som kan vere knytt til ei fast rente. **Gjennomsnittleg rentebinding for Sogndal kommune er på 1,56 år. Kravet i finans- og gjeldsreglementet er dermed oppfylt.**

4.3 Refinansieringsrisiko

Refinansieringsrisikoen aukar ved høg kapitalbinding innan ein kort tidshorison. En stor del kort kapitalbinding indikerer at store deler av porteføljen snart forfell og må refinansierast eller løysast inn innan kort tid. Frå eit risikoperspektiv er det ein fordel å fordele refinansiering mellom år. Kommunar som måtte refinansiere store deler av gjelda si mars 2020 hamna til dømes i ein krevjande situasjon. Dette sidan presset på den globale finansmarknaden påverka kredittinstitusjonar sine moglegheiter til å låne ut pengar så vel som utlånskostnaden (høgt påslag på flytande rente).

Figuren under synar kapitalbindinga til Sogndal kommune, dvs. korleis porteføljen sine avdrag og låneforfall er fordelt fram i tid. Låge søyler vil normalt representere sum årlege avdrag. Høge søyler vil normalt representere avdragsfrie lån (f.eks. sertifikat- eller obligasjonslån) som forfell i sin heilskap.



Ein annan mykje nytta indikator er del av gjeldsporteføljen som forfell neste 12 månader. For Sogndal kommune utgjorde dette 4,56 prosent per 31.12.2020. Det svarar til om lag 50 mill. kroner. Sogndal kommune har ikkje eit eksplisitt krav til maksimal del gjeld som forfell innan 12 månader no. Dette omtalast likevel ettersom rådmannen vil tilrå å inkludere eit slikt krav i reglementet i løpet av 2021. Delen som forfell innan 12 månader er relativt sett lågt tatt i betraktning at minimumsavdrag som uansett må betalast i 2021 er om lag 40 mill. kroner.

For å redusere refinansieringsrisiko er det også eit poeng å ikkje ha for store enkeltlån. **I finans- og gjeldsreglementet er det vedteke at ingen enkeltlån skal overstige 20 prosent av samla gjeld. Det største enkeltlånet til Sogndal kommune er på 122 mill. kroner, dvs. 10,9 prosent av samla gjeld. Dette kravet er dermed innfridd.**

4.4 Renteutgift 2020

Frå mars til mai 2020 blei styringsrenta satt ned med 1,5 prosentpoeng til 0 prosent. Budsjetterte renteutgifter for Sogndal kommune vart, som følgje av reduksjonen i styringsrenta, redusert med 6 mill. kroner i rapportering per 1.tertial. Gjennomsnittleg rentenivå for 2020 vart 1,54 prosent og rekneskapen syner at renteutgiftene blei 3,7 mill. kroner lågare enn venta i revidert budsjett.

	Rekneskap	Opphavelig budsjett	Revidert budsjett
Renteutgifter startlån	1 448 182	1 392 000	1 392 000
Renteutgifter andre lån	14 997 481	24 820 000	18 820 000

Andre renteutgifter	58 830	15 000	15 000
Sum	16 504 493	26 227 000	20 227 000

4.5 Avdrag 2020

Avdrag skal betalast i samsvar med kommunelova §14-18; Det skal betalast årleg avdrag på lånegjeld som er lånt opp etter §14-15 og §14-16. Krav til avdraget vert rekna ut etter storleiken på avskrivningar i rekneskapsåret, justert for storleiken på lånegjeld og avskrivbare anleggsmidlar. For 2021 er minimumsavdraget berekna til i underkant av 40 mill. kroner.

	Rekneskap	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett
Renteutgifter	44 005 555	45 500 000	45 500 000

I budsjett 2020 vart det lagt opp til å betale 45,5 mill. kroner i avdrag. Om lag 97 prosent av budsjettert beløp – og alle fakturaer med forfall i 2020 knytt til avdragsbetaling – vart betalt. Dette er stort nok i høve krava til minimumsavdrag i kommunelova.

4.6 Garantiansvar

- Frå Leikanger kommune: Leikanger kommunestyre vedtok i sak 30/19 å stille med simpel garanti for Syril med inntil 4,5 mill. kroner i samband med opptak av lån til finansiering av opprustinga av friidrettsanlegget på Syril Stadion. Av desse er kr 2,8 mill. kroner forskotering av spelemidlar, 1,45 mill. kroner er forskotering av mva-refusjon og 0,25 mill. kroner er forskotering av andre tilskot. Garantitida vart sett til fem år frå lånedato (09.12.2019).
- Frå Balestrand kommune:
 - Balestrand Ungdomslag: Garantien gjaldt 0,3 mill. kroner, restbeløpet på lånet det garanterast for er om lag 25 000 kroner.
 - Nessane Vassverk BA: Garantien gjaldt 2 mill. kroner, restbeløpet på lånet det garanterast for er i underkant av 1,2 mill. kroner. I samband med kommunereguleringa og overføring av Nessane til Høyanger kommune vart også garantien overført til Høyanger kommune. Dette vart gjort i løpet av 2020.

I tillegg kjem ansvar som Sogndal kommune får som eigar i ulike interkommunale samarbeid (IKS). Det utgjer om lag 31 mill. kroner per 31.12.2020.

5 Fond, egenkapital og måltal i økonomireglementet

5.1 Bundne og ubundne fond

Bundne fond vart langt på veg vidareført slik dei stod i dei tre tidlegare kommunane. Ubundne investeringsfond kan berre nyttast i investering. Disposisjonsfond inneheld mellom anna fond knytt til integreringsarbeid, parkeringsfond og avsetning til dekking av premieavvik.

Bundne og ubundne fond	01.01.2020	31.12.2020	Endring
Eigenkapital drift:			
Disposisjonsfond	104 178 317	121 067 611	16 889 294
Bundne driftsfond	55 490 537	61 892 528	6 401 992
Eigenkapital investering:			
Ubundne investeringsfond	71 694 251	72 816 863	1 122 612
Bundne investeringsfond	7 876 967	10 652 722	2 775 755
Sum	239 240 072	266 429 724	27 189 652

Fonda knytt til egenkapital auka med 3,9 mill. kroner samla. For fonda knytt til drift var endringane større. I 2020 var det opphaveleg budsjettert med bruk av disposisjonsfond, men grunna eit mindreforbruk på om lag 20 mill. kroner vart det ikkje behov for å netto hente midlar frå disposisjonsfond. Tvert imot auka verdien av disposisjonsfond med 16,9 mill. kroner og bundne driftsfond auka med 6,4 mill. kroner. Samla disposisjonsfond har auka med om lag 16,9 mill. kroner i løpet av 2020. Auken i disposisjonsfond er samansett. Mellom anna har saldoen på parkeringsfondet auka i løpet av 2020, samt at det avsett midlar i tråd med vedtak om tiltak som skal gjennomførast i 2021.

5.2 Bufferfond

I finansreglement for Sogndal kommune er det vedteke at kommunen skal ha bufferfond tilsvarande 50 prosent av verdiane plassert i aksjefond per 31.12 føregåande år. Per. 31.12.2020 utgjorde midlar plassert i aksjemarknaden kr. 36,98 mill. kroner. Det inneberer at kommunen skal ha bufferfond på minst 18,5 mill. kroner. **Samla sett har Sogndal kommune midlar som kan nyttast til dette formålet.**

5.3 Måltal i økonomireglement

Økonomiske indikatorar for driftsresultat, disposisjonsfond og gjeld sett opp mot fastsette måltal er viktige for å sikre kommunen si evne til å finansiere aktiviteten og å kunne møte forplikningar på kort og lang sikt. Indikatorane som er vedteke for Sogndal kommune, vert målt mot brutto driftsinntekter. Brutto driftsinntekter vart 1.247 mill. kroner i 2020. Tabellen under syner status for Sogndal kommune i høve vedteke måltal.

Måltal - relativt til brutto driftsinntekter	2020	Måltal for 2020
Disposisjonsfond	9,71 %	Meir enn 10%
Langsiktig gjeld	89,36 %	Mindre enn 75%

I 2020 viser rekneskapen at det vart netto avsett 6 mill. kroner på bundne fond og 16 mill. kroner på disposisjonsfond. Per 31.12.20 utgjør disposisjonsfond 121,1 mill. kroner. Dette svarar til 9,71 prosent av brutto driftsinntekter, tett opp mot målsettinga om 10 prosent eller meir. Den langsiktige gjelda (inkl. husbanklån) var på 1.115 mill. kroner ved utgangen av 2020. Dette inkluderer 94,58 mill. kroner som er startlån gjennom Husbanken. Den samla lånegjelda til kommunen auka med 93,9 mill. kroner i 2020. Det gir ei samla gjeldsgrad for Sogndal kommune på 89,4 prosent per 31.12.2020. Det er høgare enn vedteke måltal i 2020 på 75 prosent. Skulle dette måltalet vore innfridd måtte gjelda vore 180 mill. kroner lægre ved utgangen av 2020.

6 Vedlegg: Gjeldsporteføljen per lån

Lån til egne investeringar

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid, år	Rente 31.12	Lånetype	Refinansiering (avdragsfrie lån)
Swedbank-obligasjonslån	70 000 000	3,00	0,646	Flytande, NIBOR3M	22.05.2023
KLP-Kommunekreditt	94 661 664	25,00	2,190	Fastrente	
KLP-Kommunekreditt	2 288 000	22,00	1,030	Flytande, NIBOR3M	
KLP-Kommunekreditt	62 581 034	28,00	2,060	Fastrente	
KLP-Kommunekreditt	105 053 080	26,00	1,050	Flytande, egendefinert	
Kommunalbanken	50 000 000	1,25	0,570	Flytande, NIBOR3M	16.03.2022
Kommunalbanken	8 387 100	26,00	1,930	Fastrente	
Kommunalbanken	38 300 000	0,75	1,365	Flytande, NIBOR6M	15.09.2021
Kommunalbanken	42 500 000	4,00	0,695	Flytande, NIBOR3M	20.03.2024
Kommunalbanken	95 733 810	30,00	0,870	Flytande, NIBOR3M	23.06.2051
Kommunalbanken	105 854 200	24,00	1,000	Flytande, p.t.	29.09.2044
Kommunalbanken	104 301 020	16,00	1,000	Flytande, p.t.	20.03.2037
Kommunalbanken	117 653 950	18,00	1,000	Flytande, p.t.	29.03.2039
Kommunalbanken	122 000 000	5,00	0,635	Flytande, NIBOR3M	17.09.2025
Husbanken	679 147	5,00	0,564	Flytande	
	1 019 993 005	16,00	1,107		

Lån til videre utlån

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid, år	Rente 31.12	Lånetype
Husbanken startlån	255 277	12	0,798	Flytande
Husbanken startlån	515 282	12	0,798	Flytande
Husbanken startlån	313 628	12	0,798	Flytande
Husbanken startlån	1 117 644	14	0,798	Flytande
Husbanken startlån	2 000 000	22	0,798	Flytande
Husbanken startlån	2 142 230	11	0,798	Flytande
Husbanken startlån	4 158 072	23	0,798	Flytande
Husbanken startlån	4 973 724	11	0,798	Flytande
Husbanken startlån	2 000 000	23	0,798	Flytande
Husbanken startlån	4 663 999	14	0,798	Flytande
Husbanken startlån	1 168 500	19	0,798	Flytande
Husbanken startlån	6 757 429	25	0,798	Flytande
Husbanken startlån	2 126 605	25	0,798	Flytande
Husbanken startlån	975 000	20	0,798	Flytande
Husbanken startlån	1 000 000	21	0,798	Flytande
Husbanken startlån	4 550 286	14	0,798	Flytande
Husbanken startlån	860 000	22	0,798	Flytande
Husbanken startlån	12 000 000	28	0,798	Flytande
Husbanken startlån	12 000 000	23	0,798	Flytande



Husbanken startlån	1 000 000	23	0,798	Flytande
Husbanken startlån	10 000 000	29	0,798	Flytande
Husbanken startlån	15 000 000	30	0,798	Flytande
Husbanken startlån	5 000 000	30	0,798	Flytande
	94 577 676	20	0,798	